

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Scandic Maritim Haugesund
MØTETIDSPUNKT: 17.06.16 kl. 09.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Liv Kari Eskeland	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem

FORFALL FRA STYRET

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomidirektør

J

SAKLISTE**UNDERLAG**

Sak 036/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 037/16	Godkjenning av protokoll 26.05.16	Vedlagt
Sak 038/16	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 039/16	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 040/16	Gjennomgang av styrande dokument for Helse Fonna HF	Vedlagt
Sak 041/16	Fellesmøte mellom brukarutvalet og styret i Helse Fonna HF	
Kl. 11.00 – 11.10	Brukarmedverknad ved samhandlingssjef Kari Ugland	
Kl. 11.10 – 11.20	Spørsmål og dialog	
Kl. 11.20 – 11.30	Informasjon «Bygg Haugesund» ved Prosjektdirektør Laila Nemeth	
Kl.11.30 – 11.40	Spørsmål og dialog	
Kl.11.40 – 12.00	Eventuelt	
Saker til orientering:		
Sak 042/16	Rapportering styringsdokument 1.tertial 2016	Vedlagt
Sak 043/16	Oppfølging Plan somatikk	Vedlagt
Sak 044/16	Oppfølging av Plan for psykisk helsevern	Vedlagt
Sak 045/16	Eventuelt	
	Skriv og meldingar	Vedlagt

.....

Sak 036/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Administrerende direktør meldte nytt punkt (punkt nr.11) til sak 038/16 Administrerende direktør si orientering

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 037/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 26.05.16

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 26.05.16

Sak 038/16 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Viste til vedlagt notat

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Viste til vedlagt notat

4. «Samarbeid med familier rammet av Huntington's sykdom». PhD Merete Røthing

Merete Røthing presenterte si doktorgradsavhandling.

5. Plan for budsjettprosessen 2017

Administrerende direktør orienterte

6. Rapportering bierverv

Administrerende direktør orienterte om Helse Fonna si oppfølging etter internrevisjon.

7. Status bygg Haugesund 2030

Administrerende direktør orienterte om møtet 13.06.16 med Sykehusbygg HF, der vidare samarbeid blei drøfta og avklart.

Prosjektdirektør Laila Nemeth orienterte om tema «Mobilitetsplan og parkering»

8. Status prosjekt for Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan(2016 – 2019)

Administrerende direktør orienterte om status for prosjektet. «Prosjekt Stord» er avslutta. Det skal utarbeidas ein sluttrapport. Saka blir sendt på høyring etter at styret har fått sett den.

«Prosjekt Odda» held fram utover hausten 2016. Prosjektgruppa utvidast og rapport er venta før jul 2016.

9. Arbeidsgruppe samhandling kommunar – Helse Fonna

Administrerende direktør orienterte.

10. Leiarstruktur i medisinsk klinikk og for Bygg Haugesund

Administrerende direktør orienterte om forlenging av arbeidsavtale for klinikkdirektør Berit Haaland. Hun konstitueras som klinikkdirektør for medisinsk klinikk i ytterlegare eit år.

Prosjektdirektør ByggHaugesund2030 Laila Nemeth fortsetter sitt engasjement til august 2017.

11. Avtale mellom Helse Fonna og Stord kommune om utbygging og teknisk drift.

Administrerende direktør orienterte om e-postkorrespondanse mellom rådmann Magnus Mjør i Stord kommune og administrerende direktør Olav Klausen. Utskrift av e-postkorrespondansen blei delt ut til styremedlemmene.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret tek meldingane til orientering

2. Ad. punkt 11

Styret i Helse Fonna HF har lagt til grunn at utbyggjar må bere kostnadar til bygging og tilrettelegging av utomhusareal ved nytt legevaktsbygg på Stord.

Styret i Helse Fonna HF ser det som viktig at helsebussen sikrast god tilkomst til Stord sjukehus i tråd med brev dagsett 07.04.15 frå Stord kommune.

Styret ber administrerende direktør/styroleiar ta kontakt med IKS et på Stord for å be om eit møte i anledning saka.

Sak 039/16 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 13,5 millionar kroner mot budsjettert overskot på 16,7 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 3,2 millionar kroner. Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 5,9 millionar kroner.

Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 4,6 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 2,7 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 0.9 millionar kroner.

Pr mai månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 22,5 millionar kroner. Det utgjør 21,6% av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 522 millionar kroner, noko som er ei forverring på 25 millionar kroner i forhold til førre månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng er høgare enn plan. Sjukehusopphald, dagbehandling og polikliniske konsultasjonar noko lågare enn plan.

Ventetid

Det var 8 ventande pasientar med fristbrot i perioden. Totalt var det 27 pasientar (ventande og behandla) med fristbrot (0 prosent, ventande og behandla). Det var ingen fristbrot for ventande pasientar innan psykisk helsevern. Føretaket er på god veg til å rydde vekk alle fristbrot òg for somatikken.

Ventetida for alle behandla pasientar var i perioden 58 dagar, noko som er innanfor målkravet på 65 dagar.

Epikrisetid

4 av 5 epikriser blei sendt innan fristen.

Korridorpatientar

Talet på korridorpatientar var 3,0 prosent i perioden (223 av 7425 sengedøgn). Det er framleis for mange korridorpatientar.

Utskrivingsklare pasientar

Tal på utskrivingsklare pasientar i mai måned var det lågaste så langt i år. 29 pasientar låg tilsaman 87 døgn etter at det var melde utskrivingsklare frå sjukehusa i føretaket.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

Sjukefråvær

Sjukefråvær pr. mai er 7,3 %

HMS

I mai 2016 var det meldt 296 saker til meldesystemet Synergi. Pr. mai er 40% av sakene pasientretta og 10 % HMS/ tilsettskadar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

Sak 040/16 Gjennomgang av styrande dokument for Helse Fonna HF Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Styret i Helse Fonna HF har gjennomført den same ordninga

Vedtak [samrøystes]

Styret er kjend med og tar til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Fonna HF, sist endra i føretaksmøte 20.februar 2014
- b. Instruks for styret i Helse Fonna HF
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Fonna HF
- d. Ethiske retningslinjer for Helse Vest

Sak 0041/16 Fellesmøte mellom brukarutvalet og Helse Fonna HF Oppsummering

Kl. 11.00 – 11.10 Brukarmedverknad ved samhandlingssjef Kari Ugland
Kl. 11.10 – 11.20 Spørsmål og dialog

Kl. 11.20 – 11.30	Informasjon «Bygg Haugesund» ved Prosjektdirektør Laila Nemeth
Kl.11.30 – 11.40	Spørsmål og dialog
Kl.11.40 – 12.00	Eventuelt

Styret merka seg at brukarutvalet gav positive tilbakemeldingar på samarbeidet med føretaket.

Sak 042/16 Rapportering styringsdokument 1.tertial 2016

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapportering på styringsdokumentet for første halvår 2016 til orientering.

Sak 043/16 Oppfølging av Plan somatikk

Oppsummering

Plan for somatiske spesialisthelsetenester i Helse Fonna HF 2010-2020 (Plan Somatikk) strekk seg fram i tid til 2020. Målet med planen er å sikre trygge og nære spesialisthelsetenester for alle som bur i regionen. Endringane på sjukehusa i Helse Fonna skal gå føre seg innanfor dei til ei kvar tid tilgjengelege økonomiske rammene.

Plan Somatikk gir ikkje fullstendig oversikt over Helse Fonna sitt totale tenestetilbod, men viser retning for sentrale behandlingsforløp og innhaldet i sjukehusa fram mot 2020. Planen er utarbeidd ut i frå kjente føresetnader i 2010.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

Sak 044/16 Oppfølging av Plan psykisk helsevern

Oppsummering

Plan for psykisk helsevern for Helse Fonna 2010-2020 blei vedteken i styremøte i Helse Fonna 01.11.12, i sak 71/12 B.

Innanfor mange av behandlinglinjene er mange av tiltaka som planen beskriv starta eller slutførte. Det er lagt opp til at ein tek for seg behandlinglinje for behandlinglinje i løpet av 2013 og 2014 og at hovudtyngda av skisserte tiltak i planen blir implementerte i denne perioden.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering.

Sak 045/16 Eventuelt
Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

1. Revidert langtidsbudsjett 2017 – 2021 med investeringsbudsjett
2. Brev frå Odda kommune datert 29.05.16 Førespurnad om kjøp av helsetenester
3. Brev til Odda kommune datert 03.06.16 Førespurnad om kjøp av helsetenester
4. Brev frå RHF Presisering av brev datert 27.05.16 Oppfølging av styresak mål på aktivitet i psykisk helsevern
5. Styresak RHF 067/16 Mål på aktivitet i psykisk helsevern – barn og unge og vaksne

Følgjande skriv og meldingar vart delt ut til styret:

E-postkorrespondanse mellom rådmann i Stord kommune Magnus Mjør og administrerande direktør Olav Klausen.

Ref. Ingebjørg Kismul

20.06.2016

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem